

Serviceerklæring Ulvik herad

OMSORGSBUSTAD

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-7, Pasient og brukarrettigheitslov § 2-1 a) i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

Føremål med tenesta

-Omsorgsbustad er eit bustad-alternativ og ledd i tildeling av tenester på lågaste effektive omsorgsnivå
-Å hjelpa til med å skaffa bustad til personar som ikkje sjølve kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, inkl. bustader med særleg tilpassing og med hjelpetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

Kven kan få tenesta

Omsorgsbustad:

-Personar med nedsett funksjonsevne som ikkje kan fungera i eigen bustad grunna upraktiske buløysingar og der det er vanskar med å gi nødvendig hjelp i heimen gjennom ordinære heimetenester
-Personar som grunna isolasjon/angst har vesentleg nedsett livskvalitet og tap av sosialt og fysisk funksjonsnivå
-Personar som treng pleie og omsorgstenester av eit slikt omfang at det er uråd å gi eit slikt tilbod i heimen, samstundes som at institusjonstilbod vil vera å gi omsorg på for høgt nivå
-Personar som treng rehabilitering/habilitering
-Personar som sjølve ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden grunna alder, funksjonshemming eller av andre årsaker
-Andre personar som har eit pleie og omsorgsbehov som best kan gjevast i omsorgsbustad og for at vedk.skal kunne leva og bu sjølvstendig
(jfr. kriterie for tildeling av oms.bustad vedteken i H-sak/96)

Trygdebustad:

-Uførepensjonistar/funksjonshemma eller andre som av ulike årsaker ikkje kan bu i eigen bustad,- eller som har vanskar med å koma seg inn på bustadmarknaden og som ikkje er heilt avhengig av at bustaden er tilrettelagt (universelt utforma)

Innhaldet i tenesta

Omsorgsbustad:

-Tilrettelagt bustad med alt på ei flate, utan dørstokkar, har ekstra dørbreidde og tilrettelagt for rullestolbrukar

Trygdebustad:

-Bustad med alt på ei flate, ikkje nødvendigvis tilrettelagt for rullestolbrukar, kan ha dørstokkar, vanleg dørbreidde

-Ved tildeling av begge typar bustad er brukar sjølvstendig leigetakar og skriv kontrakt med huseigar

-Tildeling av bustad er kun eit bustadtilbod og gir ikkje automatisk rett til pleie og oms.tenester

Saksgang ved søknad om bustad

- Det må føreliggja signert eigensøknad
- Inntaksnemda handsamar søknaden
- Repr. frå Inntaksnemda føretekk vurderingsbesøk i etterkant av søknad etter nærmare avtale
- Vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter vedtak i Inntaksnemda.
- Visning av evt. ledig husvære/formidla kontakt med utleigar Ulvik Bustadstifting
- Dersom det ikkje er ledig husvære og søkjar oppfyller vilkår for bustad treng ein ikkje senda ny søknad. Søknaden vil automatisk verta vurdert på nytt når det er ledig bustad

Kva forventar me av deg som får tildelt bustad

- At du er innstilt på å retta deg etter brannførebyggjande tiltak i huværet dersom du vert tildelt bustad
- At du rettar det etter dei reglar som gjeld for alle leigetakarar av bygget

Klage

- Ved evt. klage på avslag på søknad om omsorgsbustad vert klagen handsama som ein klage på søknad om pleie og omsorgstenester – ikkje som klage på avslag om søknad på bustad
 - Ved evt. klage på vedtaket må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar
 - Klagefristen er 4 veker frå du mottek vedtaket
 - Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak
- Tlf til Ulvik omsorgstun: 56527080
Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik
Inntaksnemda i Ulvik herad v/avdelingsleiar omsorg: 56527080